



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 33, 28. september 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Ny bok om vikingskip - blir slept 1.10.

[Frode Sætre](#), senior førstelektor i idrett og friluftsliv ved HVO, har skrive boka "Eventyrlege Vikingskip", som handlar om vikingskipa som vart bygde i Bjørkedalen frå ca. 1970 og i åra etter. Til no har det vorte bygd nærare 30 store og små vikingskip i Bjørkedalen dei siste 50 åra. Boka blir slept 1.10. som ein del av Forskingsdagane 2022, og det skjer naturlegvis i Bjørkedalen.

[LES MEIR](#)



Ann Kristin Emblem fast tilsett som ny høgskuledirektør

Høgskulestyret hadde onsdag 28. september omframst styremøte med tilsetting av ny direktør i fast stilling som einaste sak på dagsorden. Høgskulestyret vedtok å tilby stillinga til [Ann Kristin Emblem](#). Emblem er fast tilsett som studiedirektør på Høgskulen i Volda, men har fungert som mellombels høgskuledirektør sidan 1. august. Emblem (59) er utdanna jurist og har også ein mastergrad i kunnskapsleing. Ho kjem frå og bur no i Ålesund, men har arbeidd mange år i Trøndelag før ho i 2021 vart tilsett som studiedirektør ved Høgskulen i Volda.


[LES MEIR](#)



Her er det nye studentparlamentet

Studentane har valt nytt Studentparlament for studieåret 22-23 Studentparlamentet består av 11 representantar: 2 frå kvar avdeling pluss tre "frie" representantar.

[LES MEIR](#)



Animasjonsfestivalen startar i dag

Filmfestivalen Animation Volda startar i dag, onsdag 29. september, og varer til 2. oktober. Les meir om programmet på [nettsidene til Animation Volda](#).

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



Studentsamskipnaden vil bygge ny hytte ved Folkestadvatnet

Studentsamskipnaden (SiVolda) har fått konsesjon på kjøp av hyttetomt på Folkestad. Tomta ligg i eit naturskjønt område ved Folkestaddalsvatnet der den gamle lærarskulehytta ("Blåbu") stod - sjå bildet ovanfor. Lærarskulehytta var ein populær destinasjon for studentar i fleire tiår. Hytta var til slutt i så dårleg stand at den vart riven i 2018. Planen er å bygge ei ny studenthytte dersom samskipnaden får naudsynte godkjenningar frå Volda kommune. [Tekst henta frå sivolda.no](https://www.sivolda.no).

Studentorganisasjonar: Søknadsfrist for velferdsmidlar - 1. oktober

Sivolda deler to gongar i året ut velferdsmidlar til drift eller gjennomføring av prosjekt eller tiltak for studentråd, lag eller organisasjonar knytt til høgskulen i Volda. Neste søknadsfrist er 1. oktober og neste sjanse blir 1. februar. [Her er meir informasjon om ordninga på nettsida til Studentsamskipnaden - og søknader vert sendt inn via nettsida.](#)

Voldastudentar streika for klimaet

Fredag 23. september gjekk voldastudentar til streik for klimaet. Nærnett melder om at fleire internasjonale studentar deltok i den symbolske aksjonen, og dei vurderer å ha ein ny klimastreik før jul. [Les meir på Nærnett.](#)

Internasjonal utveksling i 2023? Søknadsfristen er 1. oktober

Er du interessert i å studere i utlandet til våren? Hugs å søke om utveksling før 1. oktober! I haust har Høgskulen i Volda (HVO) mange studentar på utveksling rundt om i verda. No nærmar fristen seg for å søke om utveksling for vårsemesteret 2023. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Menyen i kantina i neste veke

Måndag: Vegtarburrito/veganburrito

Tysdag: Dampa laksefilet med smørsaus og brokkoli

Onsdag: Fårikål

Torsdag: Potetball med tibeher

Fredag: Tacobuffet

Alle rettane kostar kr 14,90 pr hg

Styre og stell

Høgskulen fekk språk-skryt

Språkrådet har evaluert Høgskulen i Volda sin bruk av nynorsk og bokmål på nettsidene www.hivolda.no i sosiale media. Språkrådet bruar eit eige dataverktøy ("Målfrid") for å kartlegge målbruken. Språkrådet skriv at at Høgskulen i Volda gjer "en svært god jobb for likestillingen mellom de to norske skriftspråkene" og vidare: "Vi vil rose dere for det gode arbeidet". Språkrådet konstaterer at Høgskulen i Volda brukar både nynorsk og bokmål også i sosiale media, men seier også at det står att noko når det gjeld å gjere alle skjema tilgjengelege i begge målformer. Les rapporten og vurderinga frå Språkrådet her. Og for dei som lurar på om høgskulen er i ferd med å bli ein bokmålsinstitusjon så er 80 prosent av innhaldet på www.hivolda.no på nynorsk.

HVO må spare straum

Kommunal -og distriktsministeren har bede alle statlege verksemder om å redusere straumforbruket sitt. Oppmodinga kjem som følge av den krevjande energisituasjonen som har oppstått i Europa. HVO vil gå gjennom kva sparetiltak vi kan gjere for å redusere forbruket og vil vurdere inne-temperatur, driftstider på teknisk anlegg, belysning med meir.

Rektorval: Leitekomiteen har første møte denne veka

Høgskulestyret har sett ned ein leitekomite som skal ta i mot framlegg og sjølv kan ta kontakt med aktuelle personar som ny rektor og prorektor ved Høgskulen i Volda. Alle dei fire avdelingane og fellesadministrasjonen er representert i leitekomiteen, som også har fått eit eksternt medlem som er

utpeika av direktør. Leitekomiteen er slik samansett: Ellen Strøm Synnevåg (ASH), Wenche Torrissen (AKF), Erling Sivertsen (AMF), Bjørnar Sæterås (AHL), Silje Klepp (Fellesadm.), Trond Fredrik Hagemann Hoddevik (Studentparlamentet), Wenche Kjerstad (Converto, Ålesund). Leitekomiteen har første møte fredag 30. september.

Lokale lønsforhandlingar: Skal vere ferdig 30. november

Det er blitt sett ny frist for dei lokale lønnsforhandlingane, og den nye fristen er at forhandlingane skal vere avslutta innan 30.11.2022. Det er ikkje venta at etterbetalingar etter dei lokale lønnsforhandlingane vil vere klare før i 2023. Høgskulestyret vedtok i førre møte at det ikkje vert avsett lokale midlar til dei ordinære lønsforhandlingane, som for tidlegare år.

Fag og forskning



[Professor Helga Synnevåg Løvoll](#) ved Avdeling for kulturfag har fått [Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2022](#). Synnevåg Løvoll er blant anna den einaste professoren i friluftsliv i Noreg. [Les meir om prisutdelinga på nettsidene våre](#). Les også [rektorhelsinga til prisvinnaren på rektorbloggen](#).



LÆRARLOGGEN

Lærarloggen: Blogg om livet som lærar

[Førstelektor Trudi H. Eikrem](#), ASH har starta blogg der ho skriv om erfaringar og refleksjonar etter 20 år som lærar. Bloggen har namnet: [Lærarloggen](#). Bloggen er finansiert av prispengane Eikrem fekk som vinnar av høgskulens [pris for kvalitet i utdanninga 2021](#).

Språkrådet vil vite korleis du arbeider med norsk fagspråk

I desse dagar får faglege leiarar ved Høgskulen i Volda tilsendt ei spørjeundersøking som handlar om norsk fagspråk. Undersøkinga vert gjennomført av Rambøll på oppdrag frå Språkrådet, og alle leiarar blir oppmoda til å sende lenke til undersøkinga vidare til sine tilsette. Føremålet med undersøkinga er å finne ut kva som er stoda for norsk fagspråk på høgskular og universitet. Undersøkinga skal blant anna gje svar på i kva grad vitskapleg tilsette skriv fagtekstar på norsk og engelsk, og i kva sjanrar dei skriv; om dei tilsette opplever at dei har gode vilkår for å skrive fagtekstar på norsk; i kva grad dei tilsette formidlar norske fagord til studentane sine; og om dei tilsette tek del i utvikling av norsk terminologi innanfor faget sitt. Har du spørsmål om undersøkinga, kan du rette dei til seniorrådgjevar Kjetil Gundersen i Språkrådet på e-post kjetil.gundersen@sprakradet.no.

50-års jubileum for kyrkjefag i Volda

Det har vore kyrkjefagleg utdanning i Volda i 50 år, og det har vorte markert. Gjennom 1970-, 80- og 90-åra vart mange kull med menighetssekretærar, kateketar og kyrkjevevjerer utdanna ved Distriktshøgskulen i Volda og seinare Høgskulen i Volda. Siste helga i september var tidlegare tilsette og studentar samla til attersyn med fagleg seminar, sosialt samvær, jubileumsfest og Forskingsdagsgudsteneste. [Les meir på nettsidene våre](#).

Såkorndmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkorndmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek atterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret.

Såkorndmidlane skal bidra til å auke forskingsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte. Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#). Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebladet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Økonomirådgivar AHL - søknadsfrist 30.9.2022](#)
- [Innhaldsprodusent/kommunikasjonskonsulent, Kontor for kommunikasjon - søknadsfrist 5.10.2022.](#)
- [Førstekonsulent ved økonomi- og eigedomsavdelinga i Fellesadministrasjonen - søknadsfrist 7.10.2022](#)
- [Administrasjonssjef Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

- 23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)
- 28.-29.9.2022: [Karrieredagane](#), Ørstahallen
- 29.9.2022: [Omframst styremøte](#)
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 29.9.-30.9.2022: [Forskingsleiarprogram - første samling](#)
- 6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
- 24.10.2022: [Omframst styremøte](#)
- 24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)
- 27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda
- 3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
- 4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH
- 8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
- 2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

Våren 2023:

- 19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

28.9.2022: [Helsing til Helga Synnevåg Løvoll - vinnar av FoU-prisen 2022](#)

15.9.2022: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)